



Tingvoll, 16.10.2025

RAPPORTERING - KJEMPESPRINGFRØ

Kjempespringfrø observert i Torjulvågen 12.10.2025:



Frå www.artsobservasjoner.no 14.10.2025

Vi fekk tips under Tingvollmartnaen om ein førekomst av kjempespringfrø på austsida elva mellom vegen og sjøen. Området blei oppsøkt i etterkant, Viser som ei samling punkt mellom Osakleiva og elva. Det skulle også vere eit mindre område nærare Osen, men den fann vi ikkje.

Eit større område blei undersøkt for å få ein ide om spreingsmønster.

Det er to funn i ryddesone under høgspenline. Resten av funna er anten knytt til skrotemark eller det er førekomstar i overgangen mellom eng og elvebreidd.

Det er sannsynleg at ein av førekomstane kjem frå hageutkast (Osakleiva). Langs vassdraget frå Torjulvågvegen og til der høgspenlina som krysser elva nord-sør er det sannsynleg at ein har ein kombinasjon der arbeid i landbruket har spreidd planta langs engkantar og dette har spreidd seg vidare med vatn.

Registreringsturen blei stoppa før ein fann øvste førekomsten lang selva. Ein må rekne med at planta også førekjem lenger opp.

Førekomstane som blei registrert er mogleg å rydde ut, men ein har lita tid før oppgåva blir veldig stor. Resultatet vil vere avhengig av at landbruket sluttar med å spreie planta med reiskapsbruk. Utan tilslutting frå landbruket, har det lite føre seg å gjere noko.

I tillegg til generelle problemstillingar knytt til framande artar, vil ein langs vassdraget risikere utrasingar som følgje av manglande armering av røter frå fleirårige planter. Viss det er kvikkleire i området, vil dette kunne føre til kvikkleireskred.

Vi sender difor rapporten over til landbruksmynde i kommunen for oppfølging.

Med helsing

Øystein Folden
leiar